

▲
Sissel M. Bergh
Noerte Miere Fuehkje
(2018-d.d.), Bic-penn, tusj,
collage og fargeblyant på
papir, 5,65 × 5,30 meter.
Foto Susann Jamtøy /
Trøndelag senter for
samtidiskunst

▲
Kunstnaren arbeidde
vidare på verket i
utstillingsperioden.
Foto Trøndelag senter
for samtidiskunst

EIT KART MED KVITE FELT

Tekst EVA FURSETH

SISSEL M. BERGH står midt på verket i djup konsentrasjon. Ho legg seg på kne, varsam for å ikkje øydelegge papiret. Så ser ho granskande oppover, hentar fram gardintrappa, klyv opp og teiknar høgt over golvet. Utstillinga består av denne eine, monumentale teikninga *Noerte Miere Fuehkje* (2018-d.d.). Motivet er eit kart over Møre kysten. Verket er festa høgt på veggen på Trøndelag senter for samtidiskunst og faldar seg utover golvflata. Fasadeveggen av kunstnarsenteret er av glas, såleis vert verket synt fram døgnet rundt frå den travle Fjordgata i Trondheim sentrum.


Bergh har vore til stade kvar onsdag gjennom utstillingsperioden. Då har publikum vore invitert inn for å sjå på medan ho har arbeidd vidare på teikninga, diskutert og kome med innspel. Etter at utstillingsperioden var over, vart verket rulla varsamt saman, klart til å utviklast vidare på neste utstillingsplass.

Korleis vart karta våre til?

Tenk så spennande det måtte vere å bla i eit atlas på 1600-talet, den tida det framleis var fylt med store, kvite felt som var uutforska og uoppdagda. Endå til landmassane av dagens Noreg hadde lenge store, blanke område. Om det budde andre der, andre som hadde sine stadnamn, var utan tyding i eit vestleg, eurosentrisk perspektiv. Eit område var ikkje oppdaga før ein «nordmann» gjorde det. Eit fjell var ikkje erobra før dei rette skorne trødde toppen. Om andre hadde vore der før, endå til levde der, var heilt irrelevant.

Det ligg stor makt i å vere den som definerer kartet. I unionstida vart mykje fordanksa, seinare kom nasjonalistiske vindar og bles namna reine for «unorske» stavemåtar og pusta liv i gamle, norrøne namn. Det som ikkje passa inn i den nye nasjonshistoria, vart gøynt vekk. Dette gjekk særleg hardt ut over samisk kultur, gamle, innarbeidde namn vart gløymt. Stad

AJMOEJIMH AJTOEJIMH -
SISSEL M. BERGH
30. JANUAR-23. FEBRUAR 2020
TRØNDELAG SENTER FOR
SAMTIDSKUNST, TRONDHEIM



namn hjelper oss ikkje berre til å finne fram, dei er gjerne eldgamle og vitnar om kulturar og levevis og gir såleis identitet og kjensle av å høre til. Dette var nok uendeleg smertefullt for dei som fekk historiene sine viska ut og vart fortengde frå områda sine eller utsett for ei så hardhendt fornorskning at den samiske identiteten pulveriserte mellom hendene på dei. Dette er ein lagnad dei deler med urfolk verda over. Ein må aldri gløyme at det går rasande fort å tape kultur så vel som språk, her bør heller

ikkje utøvarar av såpass små skriftspråk som nynorsk og bokmål kjenne seg for trygge.

Men alt det samiske forsvann ikkje. Fleire stader finst det små spor. Dei er forsøkt utviska, men kan anast. Og det er nettopp dette ein så vidt kan sjå konturane av, som utstillinga handlar om.

Bergh har sett i gang eit svært omfattande prosjekt for å omformulere kartet over Nordmøre og kysten av Trøndelag i jakta etter sør-sjøsamane.

Øya Kunna går att i historiene om det mytologiske havvesenet Guri Kunna. Til venstre skimtar vi ein offerstein, ei form for alter der ein bad om godt fiske og vern av livet.
Foto Trøndelag senter for samtidskunst

Fabulering

Eg vart fascinert over måten Bergh hadde utforma *Noerte Miere Fuehkje* på, mellom anna er kartet vridd såleis at nordaust vender opp. Det er tankevekkande kor framandt terrenget vert av ei så lita endring, når dette endå til er heimlege trakter for meg. Så vande er vi altså til den tradisjonelle utforminga som er orientert nord-sør. Stadnamna er også helt andre, dei er på sørsamisk. Så vi må granske, spekulere, leite for å orientere oss. Det er noko intenst frydefullt over å studere verket til Bergh, å leite fram noko nytt i det vi er vande med, avdekke noko som lenge har vore gøymd og løynd.

Vi ser ein klar inspirasjon frå kunstnarar som den samiske målaren, grafikaren og forfattaren Hans Ragnar Mathisen (f. 1945). Gjennom eit langt kunstnarskap har Mathisen måla vakre kart over område i Nord-Noreg med samiske stadnamn. Mathisen lagar kart i rette proporsjonar, medan Bergh nyttar ein prosessuell og skisseaktig tilnærming. Den organiske forma kler det meir breie og utforskande preget, det er meir leikent og fritt i stilien, her er teikningar klistra inn, det er brukt ulike fonttypar, og kunstnaren har teikna inn gjenstandar som er funne i utgravingar, også små historier er noterte på kartet.

Denne breie og fabulerande tilnærminga er inspirerande å sjå på og fører oss langt av garde i tid og stad. I desse koronatider er det nettopp tid for slike indre ferdar, som kan vere vel så gjevande som fysiske reiser. Som hovudpersonen i Joris-Karl Huysmans' roman *Mot strømmen* så treffande seier medan han betraktar fiskerekspedisjon og andre gjenstandar i heimen:

Uten å bevege seg skaffet han seg dermed en rask, nesten øyeblikkelig fornemmelse av en lang sjøreise, og denne gleden av å flytte seg fra sted til sted, som egentlig bare eksisterer i hukommelsen og nesten aldri i øyeblikket man erfarer den, denne gleden sanset han fullt ut, uten tretthet eller bekymringer, [...] Joris-Karl Huysmans' roman *Mot strømmen*, s.27



Lite nyfikne forskarar

Då Bergh tok til å granske stadnamn, kontakta ho språkforskaran. Til hennar overrasking var det uråd å få med seg forskarane på at namna i dette området kunne ha sørsamisk opphav. Bergh undra seg over at forskarane ikkje var meir nyfikne og opne. Ho fekk inntrykk av at motstanden mot å anerkjenne spora etter samiske bustadar, stadnamn og språk i Sør-Noreg enno er der. Og ho fann det same problemet i historiebøker så vel som i måten musea formidla på. Desse umedvitne, kan hende også medvitne, manøvreringane har vore med på å svekke rettane til beiterett og pressa samar vekk frå attraktive område.

Fiskegarnet har vore avgjerande for fangst og overleving ved kysten, og kan vere ei av brikkene i mysteriet om opphavet til Guri Kunna. Foto Trøndelag senter for samtidskunst

Kunna kan også vere avleia av det sørsamiske ordet *kuanna*, som tyder vagina. Den gamle trua var truleg ein fruktbarheitsreligion. Foto Trøndelag senter for samtidskunst

Den såkalla framrykkingshypotesen som professor Yngvar Nielsen la fram i forbindelse med reinbeitekommisjonen på 1890-tallet, som uten vitenskapelig belegg hevdet at samene ikke hørte til i Sør-Norge, har lagt føringer for all forskning i ettertiden. Selv om hypotesen av en klar kolonialistisk produksjon har ikke hovedstrømmen av historikere tatt et oppgjør med ideene.

Sissel M. Bergh, e-post, 6.april 2020

Derfor gjekk Bergh i gang med kunsten som verktøy. Det utstilte kartet er ein del av det etymologiske kartleggingsarbeidet «Ajmoejimh ajtoejimh», som vart påbegynt allereie i 2009. *Ajmoejimh ajtoejimh* tyder «utviska» eller «utvaska», og prosjektet er ei jakt etter spor frå den sørsamiske kulturen blant ord og stadnamn i landskap, arkeologiske funn og historier frå Møre og Trøndelag.


Bergh har endå til lært seg sørsamisk, som knappe 500 menneske kan i heile landet, og som er rekna som utrydningstrua av Unesco. Den språklege kompetansen gjorde henne i stand til å oppdage fleire allereie eksisterande samiske namn i området. Kombinert med intervju og ei omfattande undersøking av kjelder studerer kunstnaren gamle stadnamn og leitar etter moglege tolkingsrammer i det sørsamiske språket. Ho reiser også til dei ulike stadane for å sjå etter om samisk språk kan forklare særprega former i terrenget, kvar det kunne vere trekkrufer for rein, tufter etter hus og sjøbuer.

Ved å flette inn spor etter språket, kulturen og historiene gir kartet eit bilde over korleis sørsamane kan ha levd, og såleis får vi som publikum høve til å føye dei inn i den konvensjonelle forteljinga, som igjen vert rikare som ei felles historie. Kan hende vil vi også forstå dei brune auga og det mørke håret som er så vanleg å sjå langs kysten på ein annan måte. Ein plar seie det er blanda blod med sjøfolk frå Middelhavet som var innom, men kva om dette faktisk er spor etter dei forsvunne sjøsamane?



Bergh har teikna inn reinstrekk etter lokale forteljingar. Mange av flyttvegane var i bruk innpå 1900-talet. Foto Trøndelag senter for samtidskunst

Teikninga viser ein vevspjelk i horn som vart funnen på Veidholmen. Dei geometriske ornamenta kjenner ein frå andre samiske funn. Spjelken er datert til 1200-1500-talet. Foto Trøndelag senter for samtidskunst



Guri Kunna

Det er spennande å sjå nærmare på historiene som Bergh har flettat inn i kartet. Kystkulturen er heller ikkje ein gjenstandskultur. Alt som er laga av tre, forvirrar svært raskt i det fuktige klimaet, og det som vart utbrukt, vart verdifullt brensel. Såleis vert historiene og segnene avgjerande berarar av kultur og historie.

Medan gamle kart gjerne vart dekorerte med mytiske sjømonster, har Bergh teikna inn spor etter den skumle havgudinna eller havhekxa Guri Kunna, som skulle halde til på øya Kunna i Frohavet. Nedover heile Trøndelagskysten spann folk mengder av forteljingar om den mektige skapnaden som var så dugleg utrusta med overnaturlege evner. Det var best å halde seg inne med Guri Kunna, var fisket därleg, kasta ein noko av fangsten til henne.

Diktaren frå Fosen, Johan Bojer (1872-1956) skildrar henne såleis i *Havmands-bryllupet*:

Søndenfra kom Guri Kunna sættende innder over havet med skodde omkring sig. Hun seilte på et banktræ med en lime som mast, og i sin fineste puds var hun med tagger nedover ryggen og halen besat med den fineste blaaskæl. Rundt omkring hende dansende hendes tjenere i havskorpen med vispende spoler, men nogle svam foran og blæste på taagelur.

Johan Bojer, *Gamle historier*, Kristiania, 1901, s. 205

I det utstilte kartet ved Trøndelag senter for samtidskunst har Bergh overlate utsjåaden hennar til fantasien vår. Ho har i staden teikna inn eit stort tradisjonelt garn og ei garnnål. Ho viser til at Guri Kunna kan vere samisk; namnet kan vere ei forvanskning av *gurrije* som er samisk for «veverske», medan *kujne* tyder «kone, hustru», eller *gorrijh gujne*, som tyder «gyte-kvinna», altså ei havets fruktbarhetskraft.

I nærbilda av kartet kan du sjå korleis Bergh smarker på orda, leikar seg med dei, finn ein rikdom av tolkingar. Med kartprosjektet får ein sjå på landområdet på ein annan måte, korleis busetnaden kan ha vore.

Nokre utdrag frå intervju med eldre fosnaværinger er tilført kartet, desse bles liv i førestillingane våre om tilværet til sjø-sorsamane:

- Dæm áffra fisk át na «Hákka». Utafor Tærva e de ein litin hálme så dæm kall for «Hákka». Det vaks lite gras på han, men ikkje lyng. Når fiskarann frå Tærva rodd framme hálma, å skull på sjy'n, så kasta dæm en fisk oppå hálmen. Når dæm kom att tå sjyna, skull dæm kast lite meir oppå hálmen.

- Kaffer jor dæm 'ta?
- Demm jor de fær á få mykje fisk.
Bjugn 26. juni 1922, fiskar og gardmann
Anders Skogen (60) til Edvart Langset

▼
Kartet er tilført fleire skildringar som denne: «Romsdalshorn (1550 moh.). Samisk hellig fjell ifølge presten Randulfs 'Nærøymanuskript', fra 1723, antagelig basert på informasjon fra samemisjonær og tidligere prest på Veøy i Romsdal, Thomas von Westen.»
Foto Trøndelag senter for samtidskunst

Alt i alt utgjer *Noerte Miere Fuelhkie* eit lappeteppe av samiske spor som bygger opp kring dei folkelege forteljingane om at sjø-sorsamane var ein synleg minori-

tet fram til tidleg 1900-tal. Ein skal heller ikkje gløyme at det framleis finst nokre reinsamar på Fosen. Såleis vert prosjektet hennar eit motsvar til forskarane som gjennom meir enn 150 år har sett vekk frå samane sine historier, utan å ha kome særleg lengre i dag. Det er først i nyare tid at dette har blitt omsnudd - og då av forskarar frå andre miljø. Desse har kome med ny kunnskap om samiske búplassar langt tilbake i tid lengre mot sør både på svensk og norsk side.

Kunstprosjektet gjer ikkje berre at vi ser på landsdelen med nye øye, i tillegg får ho fantasien vår i sving. Etter at vi vert kjende med kartet, kan vi sjølv leite etter interessante former i terrenget kring oss og ta innover oss kor kort vi skal attende i tid før verda var magisk. Tilværet var fylt av mytiske vesen ein måtte blidgjere skulle ein greie seg, men som også gav styrke og von i ein barsk kvardag. ■

